
Saksnr: 2020/304-24
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

Avtale med TONO

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønskjer avtale med TONO om bruk av musikk i Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2021-2022.
2. Eit forhandlingsutval oppnemnd av fylkeskultursjefskollegiet og representantar frå direkt kommunane får mandat til å forhandle på vegner av Vestland fylkeskommune.
3. Forhandlingsutvalet forhandlar innafor mandat formulert av fylkeskultursjefskollegiet og representantar for direkt kommunane.

Samandrag

Eit mangfald av kunst- og kulturproduksjonar vert kvart år formidla gjennom Den kulturelle skulesekken. Musikk vert brukt i fleire av produksjonane, og i tråd med åndsverklova må ein betale vederlag gjennom TONO for slik bruk av musikk.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering har i samråd med seksjon for juridiske tenester akseptert at eksisterande avtale med TONO vert forlenga ut våren 2021. Eit forhandlingsutval oppnemnd av fylkeskultursjefskollegiet og representantar for dei såkalla direkt kommunane forhandlar avtale for skuleåret 2021-2022 på vegne av Vestland fylkeskommune innafor eit definert mandat.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Charlotte Espeland
fung seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Elevar i grunnskulen og vidaregåande skule får kvart år oppleve eit mangfald av kunst- og kulturproduksjonar gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). I DKS-programmet vert musikk brukt i produksjonar innan fleire uttrykk. Jamfør åndsverklova kap. III, §§ 43,44 og 46, må ein betale vederlag for bruk av musikk i produksjonane. Organisasjonen TONO forvaltar ein stor del av det materialet som er beskytta av åndsverklova. TONO er eigd og styrt av opphavspersonar (komponister og sangtekstforfattere) og musikkforlag, og forvalter på deira vegner dei økonomiske opphavsrettane til musikken dei har skapt.

Eksisterande avtale mellom TONO og fylkeskommunane/ direktekommunane om bruk av musikk i DKS gjaldt ut kalenderåret 2020 og må derfor reforhandlast.

Reforhandling av avtale med TONO

Avtalar må i prinsippet teiknast mellom TONO og den einkilde fylkeskommune. For å effektivisere arbeidet med dette har fylkeskultursjefskollegiet og representantar for direktekommunane oppnemnd arbeidsutvalet for eit nasjonalt nettverk for DKS i fylkeskommunane og direktekommunane. Arbeidsutvalet forhandla fram avtalen som gjaldt ut 2020 og vil vere forhandlingsutval også for reforhandling av denne avtalen.

Fylkeskultursjefskollegiet og representantar for direktekommunane har formulert følgjande mandat for forhandlingsutvalet:

- 1. Forhandlingsutvalget skal på vegne av fylkeskommunene og direktekommunene forhandle med TONO med sikte på å komme fram til en rammeavtale.*
- 2. Det primære utgangspunktet for forhandlingene er å prolongere avtalen for 2020 til våren 2021. Deretter forhandles det våren 2021 for skoleåret 21/22. Rammeavtalen for 2020 har følgende punkter:*
 - TONO gir fylkeskommunene/direktekommunene rett til å framføre musikk fra TONOs rettighetshavere*
 - Avtalen baseres på elevtall som hentes fra GSI.*
 - Det stipuleres årlige summer for hver fk/direktekommune - med en eller to innbetaling pr år*
 - Avregning foretas en eller to ganger pr år - eventuelt med etterbetaling/refusjon ved avvik over/under en gitt prosent anslåtte konserter*
 - Rapportering av verk skjer på den måten partene er enige om - dette innebære at fylkeskommunene/direktekommunene er ansvarlig for at det blir rapportert antall relevante framføringer med musikk TONO har rettigheter til (uavhengig av kunstart), med lister over utøvere og hvor/når konsertene er avholdt. Slike rapporter søkes generert fra felles portaler.*
- 3. Forhandlingsutvalget skal søke å få en avtale som innebærer at vederlaget til TONO er uavhengig av antall elever som er til stede. Pga antallet konserter, at framføringene skjer i en skolesituasjon og pga forenkling av fakturabehandling gjennom avtalen, skal forhandlingsutvalget søke å avtale et noe lavere vederlag enn TONOs ordinære standardsatser.*
- 4. Vederlaget bør ideelt sett reguleres årlig i forhold til konsumprisindeksen, alternativt etter reelt antall elever, dersom denne endres vesentlig*
- 5. Forhandlingsutvalget skal søke å få en felles avtale på plass med virkning fra 01.01.21*
- 6. Forhandlingsutvalget søker bistand fra fylkeskommune/kommune eller KS ved behov*

Oppsummering

Reforhandling av avtale mellom TONO og fylkeskommunane/direktekommunane er todelt:

1. Eksisterande avtale vert forlenga ut våren 2021

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering har ut i frå hastemomentet i saka, og i samråd med avdeling for organisasjon og økonomi - ORO. seksjon for juridiske tenester funne det tenleg at eksisterande avtale vert lengja ut våren 2021.

2. Forhandling av ny avtale for skuleåret 2021/2022

I samsvar med gjeldande reglement skal Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ta stilling til om Vestland fylkeskommune framleis vil ha ein avtale med TONO om bruk av musikk i Den kulturelle skulesekken, og om eit forhandlingsutval skal forhandle på vegner av Vestland fylkeskommune.

Då musikk vert brukt i produksjonar innan fleire uttrykk i DKS-programmet, rår fylkesdirektør til at Vestland fylkeskommune framleis skal ha avtale med TONO. Fylkeskultursjefskollegiet og representantar for direktekommunane har oppnemnd eit forhandlingsutval og formulert eit mandat som tydeleg avgrensar omfanget av avtalen. Ein slik avtale er også i tråd med føringar for bruk av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken, formulert i tildelingbrev frå Kulturtanken. Fylkesdirektør rår på bakgrunn av dette til at eit forhandlingsutval forhandlar på venge av Vestland fylkeskommune innafor mandat skissert i saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Skal gjeld bruk av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Den kulturelle skulesekken er formulert i regional planstrategi.

Konklusjon

Eit forhandlingsutval oppnemnd av fylkeskultursjefskollegiet og representantar for direktekommunane får fullmakt til å forhandle avtale med TONO på vegne av Vestland fylkeskommune. Avtalen gjeld bruk av musikk i DKS-produksjonar for skuleåret 2021-2022